



# HJELMELAND

i hjarta av Ryfylke





Gjestepplass for båtfolket, turistattraksjonen Skomakarnibba og årleg frukt- og laksefest talar for ein tur til Hjelmeland.

## Hjelmeland i pluss, - visjon for framtida

Nåverande Hjelmeland kommune fekk sine yttergrenser fastlagde av Stortinget i 1965. Då vart "gamle" Hjelmeland kommune slått saman med det meste av Årdal (minus Sørskår, - nå Strand) og "halve" Fister (minus Fisterøyane Sør -Bokn, Byre og Halsnøy m.fl. som vart avgitt til Finnøy). "Nye" Hjelmeland måler 1092 kvadratkilometer, og er den nest største kommunen i Rogaland etter Suldal (1500 km<sup>2</sup>).

Dei 3 tidlegare kommunesentra utgjer i dag dei største tettstadene og skule/barnehage-krinsane i kommunen, med Hjelmebandsvågen som nåverande kommunesenter. Andre bygder med status som skulekrinsar er Randøy, Vormedalen, Jøneset, Jøsenfjorden og Ombo. På Ombo driv kommunane Finnøy og Hjelmeland skule i fellesskap på Finnøy-sida av øya dei deler geografisk.

Kommunikasjonsmessig er det meste av Hjelmeland (minus Jøneset, Jøsenfjorden og Ombo) til så lenge ei halvøy. Dette gjer det meste av kommunen totalavhengig av ferje/båt same kva retning ferda går. Frå kring 2008-2010 vil vonleg dette vera historie, og vegen sørover mot Stavanger open ved tunnel frå Tau til sentrum av byen. Saman med planlagde forbetringer på resten av vegstrekninga vil tunellen redusera reisetida til byen monaleg, teoretisk ned mot 44 min. kjøring innafor lovleg fartsgrense.

Hjelmeland har eit rikt og mangearta kulturliv, i det vesentlege basert på privat initiativ og stor eigeninnsats. Spesielt er dette synleg innafor feltet amatørrevy og -teater, samt idrettsgreinene handball, fotball og skisport. Elles er landskapet variert, og spesielt godt skikka for jakt, fiske og anna friluftsliv. Innbyggjarane er spesielt glade i det som har med desse stikkorda å gjera, og toppar til dømes statistikken til Den norske Turistforening når det gjeld tal medlemer i høve til folketalet.



Fjordabåten "Hjelmebandsfjord" vart borte frå kvarldagen i Hjelmeland for kring 20 år siden, etter å blitt offer for utviklinga med ferjer, bruer og landeveg som transportløysing. Elles bilete frå arrangement i Vigatunet [øvst], frå nye Hjelmeland Omsorgssenter og frå høgfjellet vinterstid.



Gode kår for barn og unge  
i Hjelmeland.



Bilete frå eit vidt spekter av det mangesidige næringslivet i Hjelmeland.

Hjelmeland og resten av Ryfylke var frå gamalt av nærmest totalavhengige av primærnæringane landbruk og fiske som livsgrunnlag. 30 års målretta arbeid for næringsutvikling har for Hjelmeland sin del gitt gode resultat, så gode at det i dag er netto innpendling frå andre kommunar til arbeidsplasser i kommunen !

I dag er havbruk den største næringa i Hjelmeland, så vel i heiltids arbeidsplasser, som i verdiskaping. Over 200 har varierte jobbar i næringa, volumet laks og andre fiskearter ut av kommunen har passert 30.000 tonn pr. år, og verdiskapinga er for 2004 kalkulert til 800 mill. kroner. Hjelmeland er i dag kort og godt laksehovudstaden på Sør-Vestlandet !

Tradisjonelt landbruk forsvarer nok ennå andrelassen på lista over viktige næringsgreiner. Kring 250 bruk er framleis i aktiv og svært variert drift. Åtti av desse har mjølkeproduksjon, medan sauene er å finna på flest bruk : Heile 150. Elles er det dugande produsentar innan svineproduksjon, egg, pelsdyr, veksthus og frukt/bær-dyrking. I tillegg er det etter Rogalands-tilhøve mykje og fin skog i Hjelmeland.

Sand, stein og skifer i kombinasjon med foredling av desse råstoffa er på bronseklass mellom næringssgreinene. Opp mot 100 personar har sitt levebrød direkte frå denne bransjen, og har hatt det i 30-40 år. I tillegg gjer mange

bønder det bra som leverandørar av råstoff. Kartlagde ressursar legg til rette for drift av same omfang gjennom ein liknande periode framover.

Det fjerde beinet å stå på innan hjelmelandsk næringsliv er reiseliv og turisme. Her har utviklinga vore enorm i seinare år. Kommunen har i dag over 1000 private hytter, nærmere 1000 senger i lokalt åtte utleiehytter og fleire mindre, veldrivne reiselivsanlegg med høg aktivitet. Nye hytteplanar er på gang, like eins planar om bygging av nytt hotell i Hjelmeland sentrum. Fastlandssamband mot Stavanger vil truleg berre auka interessa for å tilbringa ferie og fritid i Hjelmeland.

På "ymse"-lista for næringslivet i Hjelmeland står elles fleire tradisjonsrike produsentar av den velkjende jærostolen, mekanisk industri, veldriven lokal sparebank med kundar i heile Ryfylke og kring 20 tilsette, og mykje anna spanande. Kommunen er og, i kraft av å vera geografisk midtpunkt i regionen, vertskap for ei rad interkommunale tiltak i Ryfylke.

Hjelmeland kommune konkurrerer med dei fleste i disiplinen "vakker og variert natur". Ytterst ute finn ein reine Sørlands-idyllar mellom holmar og skjer, medan indre delar av kommunen er barskt høgfjell på og over 1000-meternivået. Mellom desse ytterpunktta ligg frodige bygder og fjordar av ypparste klasse.



Bygget er nye Hjelmeland Barnehage. Kommunen har 100 % barnehagedekning, og tilbodet er desentralisert i 7 barnehagar rundt i grendene.

## Hjelmeland kommune

Kommunen har i dag ca 2750 innbyggjarar. Dei siste par åra er tendensen til nedgang snudd til ein vonleg varig oppgang. Takk vere inntektene frå vasskraftutbygging i Lyse og Ulla-Førre har kommunen vore i stand til å byggja ut eit omfattande tenestetilbod av høg kvalitet. Dette har fleire gonger ført oss like til topps mellom kommunane i nasjonale levekårsgrensingar, noko vi er svært stolte av.

Næringsutvikling har vore eit satsingsområde gjennom snart 30 år. Resultatet er så bra at vi for tida har netto innpendling til arbeidsplasser i kommunen. Såleis var det i 2003 over 200 innpendlarar (SSB-statistikk), medan ned mot det halve pendla ut.

Kommuneøkonomien er framleis bra, men litt meir stressa enn ønskjeleg grunna høge driftskostnadar etter omfattande desentralisert utbygging av eldreomsorg, skular, barnehagar og anna.



Ambisjonane for framtida er nedfelte i visjonen "HJELMELAND I PLUSS", som er målet for alt vi steller med, busetting, næringsutvikling, tenesteproduksjon, kommuneøkonomi, kultur, trivsel osv.



Fossande vatn er eit viktig fundament for Hjelmelands-samfunnet, - som grunnlag for kraftinntekter, fiske og fiskeoppdrett.

Elles ser vi Årdal Gamle kyrkje frå 1600-talet, Jon Eikemo på scenen under frukt- og laksefesten og Rogalandets mest avsidesliggende busette gard : Trodla-Tysdal, der det også er turiststasjon.





## Vil du vita meir om Hjelmeland?

Kontakt gjerne ordførar eller rådmann i kommunen, telefon 51757000, fax 51757070, - mobiltelefonar 952 59401/402,

eller direktøren for Hjelmeland Næringsutvikling A/S tlf. 51759500.

Hjelmeland kommune: [www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no) Hjelmeland Næringsutvikling as: [www.hjelmeland.com](http://www.hjelmeland.com)